

Moglegheiter for alle

Eidfjord Høgre

Valprogram

2023–2027

Kjære veljar,

Saman skal me halda fram med å utvikla Eidfjord som eigen kommune. Born og unge skal møta den beste skulen og barnehagen, med eit læringsmiljø som fremjar meistring og utvikling. Eidfjord kommune skal vera ein JA-kommune som ynskjer nye innbyggjarar som vil busetja seg i bygda velkomne. Ein kommune som heiar på dei som skapar arbeidsplassar og som vil utvikla kommunen vidare. Eidfjord Høgre vil ha gode lokalsamfunn, velferdstenester, kultur og opplevingar i heile kommunen. Me vil arbeida for utvikling og tilrettelegging for at turistar og innbyggjarar kan finna ei positiv samhandling.

Innhald

Born og unge

Side 2

Gode helsetilbod til alle

Side 3

Verdig eldreomsorg

Side 4

På lag med jobbskaparane

Side 5

Ein attraktiv kommune

Side 6

Klima, miljø og samferdsle

Side 7

Å studera i Eidfjord

Side 8

Våre kandidatar

Side 11

1 Born og unge

Høgre set born og unge først. Skulen i Eidfjord skal vera trygg og god. Elevane skal få moglegheit til å utvikla seg vidare frå det nivået dei er på. Difor er det viktig å styrka kvaliteten slik at elevane får best mogeleg grunnlag for å lukkast.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- Prioritera ekstra innsats innan grunnleggande ferdigheiter slik at alle skal kunne lesa, skriva og rekna når dei går ut av skulen.
- Styrka PP-tenesta, rådgjevings- og skulehelsetenesta.
- Skulen skal få mobbeombod/miljøarbeidar for å ta vare på det sosiale miljøet på skulen.
- Utvida ordninga med kommunalt utdanningsstipend til å gjelda alle elevar i vidaregåande skule.
- Realisering av nytt skulebygg.



2 Gode helsetilbud til alle

Alle vil i løpet av livet møta på ulike helseutfordringar.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- At du skal møta eit tilbod som gjev deg det du treng når du treng det. Anten det gjeld fastlege, legevakt, vald, brukarstyrt assistanse, rus eller psykiatri.
- At kvaliteten på tenesta kjem fyrst.
- Å oppretthalda eigen bemanna ambulansestasjon lokalt i kommunen.




3 Verdig eldreomsorg

Det skal vera godt å verta eldre i Eidfjord.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- Å leggja til rette for at dei som treng det, skal få ein trygg plass og bu ut frå livsfase og behov.
- Å styrka heimetenesta slik at det vert trygt å bu heima så lenge som mogleg, og få på plass gode tilbod for personar med demenssjukdom.
- Å rekruttera folk og tilpassa turnusane slik at dei passar dei tilsette sine ulike livsfasar.
- Å oppretthalda aktivitetssenter for dei eldre i kommunen.
- At når du fyller 75 år får du besøk av ein eldrekoordinator som går igjennom kva kommunen kan tilby deg av tenester.
- At eldre som treng det, skal få hjelp med digitale utfordringar.
- Å få på plass eit brukarvennleg vaktmestertilbod til dei eldre.



4 På lag med jobbskaparane

Eidfjord skal vera ein JA-kommune. Høgre vil alltid leita etter løysingar når nokon ynskjer å etablera eller utvikla seg.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- Eit mangfaldig og attraktivt næringsliv.
- At kommunen skal leggja til rette for framleis vekst og investering i næringslivet.
- At me til ei kvar tid har ledig næringsareal i heile kommunen, og sakshandsamingstida må ned.
- Å vidareføra eksisterande straumstøtte til næringslivet.
- Å utgreia moglegheit for utvikling av områda på Bu.
- At kommunen ikkje går inn på eigarsida i verksemder som konkurrerer med anna næringsliv i kommunen.
- At det ikkje vert eigedomskatt på bustad og fritidseigedom.



5 Ein attraktiv kommune

Høgre vil gjera Eidfjord kommune attraktiv gjennom trivsel og gode nærmiljø. Høgre ynskjer ei dynamisk utvikling og ei levande bygd med møteplassar for aktivitet og rekreasjon.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- Å legga til rette for bustadbygging i heile kommunen.
- Å oppretta bustadordningar slik at eldre som ynskjer seg ein mindre og enklare bustad, eller nyetablerarar som manglar eigenkapital, kjem seg inn på bustadmarknaden.
- Å redusera kommunale sakshandsamingsgebyr i tillegg til å forenkla søknadsprosessar og unødvendig byråkrati. Søkjar skal før utfylling av søknad ha rett til ein førehandskonferanse og ei synfaring, utan kostnad for søkjar.
- Å utvikla sentrum, legga til rette for kommersiell drift og skapa trivelege og sosiale møteplassar.
- At hytter kan gjerast om til heilårsbustad innafor gjeldande regelverk.
- Å utgreia moglegheit for gondol/skylift.
- At turistar og innbyggjarar kan finna positive samhandlingar.
- Å sjå på moglegheit for dagsturhytta i Øvre Eidfjord og på Bu.



6 Kilma, miljø og samferdsle

Som ein av kommunane rundt nasjonalparken, har me eit særleg ansvar for å verna om villreinstamma på Hardangervidda. Jaktkulturen har alltid vore og er framleis viktig for busetnaden i kommunen vår. Me må ha fokus på trafikksikre vegar i kommunen.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- At vegvesenet skal sikra og opna gamlevegen i Måbødalen.
- At kommunen skal vera pådrivar for å fullføra sykkelsti mellom Øvre Eidfjord og Eidfjord.
- Sikker heilårsveg over Hardangervidda og me meiner at miljø-tunellar vil vera den beste løysinga for både trafikk og miljø.
- At fylket fortsatt har fokus på rassikring av Simadalsvegen.
- At det ikkje skal etablerast oppdrettsanlegg i sjø.
- Å sikra lokal råderett over Hardangervidda, slik at ein tek i vare dei fastbuande sine interesser og rettar.
- Å avgrensa totalbelastninga på Hardangervidda og me vil koma med innspel gjennom revidert forvaltningsplan.




7 Å studera i Eidfjord

Det må verta attraktivt å studera i Eidfjord. Skal me lukkast med å oppretthalda arbeidsplassar, skapa nye jobbar og utvikla tenestene i kommunen, er me heilt avhengige av oppdatert kompetanse.

Eidfjord Høgre vil jobba for:

- Å sikra at rett kompetanse er meir tilgjengeleg, fleksibel og tilpassa dei ulike behova næringsliv og enkeltmenneska har.
- At kommunen tilbyr fleire lærling og praksisplassar.
- Utgreia etablering av moglege utdanningstilbod i Eidfjord som til dømes guideskule for å støtta opp om reiselivet i kommunen.




Dersom eg vert ordførar, vil eg leggja vekt på å:

- Lytta til innbyggjarane.
- Vera tilgjengeleg for alle og ha ei fast tid innbyggjarane kan få møta ordføraren til uformell prat.
- Samarbeida på tvers av parti og gjera det som er best for bygda og dei som bur her.
- Jobba for at me skal ha respekt for og tillit til kvarandre.
- Gje ei oppmerksomheit til nyfødde eidfjordingar.
- Gjera det trygt og godt å bu i Eidfjord.

Anne-Lise Bleie

Ordførarkandidat



Hugs å røysta Høgre i fylkestingsvalet!

“Det betyr noko kven som styrer i fylket. Difor er fylkestingsvalet òg eit viktig val. Høgre vil gi større løyvingar til skulene, sikre kvalitet i opplæringa og valfridom for elevane våre. Me vil ha ei massiv satsing på vedlikehald og rassikring av fylkesvegane i Vestland. I tillegg må Vestland vera eit JA-fylke. Me skal ikkje vera ein overkommune - me skal støtta opp om lokale initiativ og spela på lag med næringslivet, innbyggjarane, og kommunane i fylket vårt. Om du er samd i dette, må du hugsa å røyste Høgre i fylkestingsvalet i år.”

Silja Ekeland Bjørkly

Fylkesordførarkandidat





Bruk røysteretten din

11. september!

Godt val!

Moglegheiter for alle

Eidfjord Høgre



Vallista 2023–2027

1. Anne-Lise Bleie	1965
2. Aslak Læg Reid	1948
3. Rannveig Mork Garen	1961
4. Atle Myklatun	1969
5. Jan Arne Bu	1957
6. Aslak Myrvang	1958
7. Kai Arne Sæbø	1987
8. Tommy Garen	1987
9. Trygve Sæbø	1958
10. Kjell Ove Tveit	1959
11. Einar C. Nagell-Erichsen	1958
12. Lillian Læg Reid	1965
13. Liv Synnøva Myrvang	1962
14. Nils Garen	1962
15. Bjørn Læg Reid	1966
16. Leif Rune Maurset	1958
17. Anne Myklatun	1959
18. Steinar Garen	1961
19. Ørjan Herland	1998
20. Magnar Røise	1966
21. Dag Olav Frette	1992
22. Møyfrid Solbakken	1964
23. Sigmund Sæbø	1950

